

SPRÅKLØYPER skal inspirere skular til å gje elevane ein god start med sidemål på mellomsteget. **S. 4**

SAMARBEID MELLOM LÆRARAR skal gje betre nynorskundervisning i vidaregåande skule. **S. 6**

UTVIKLINGSARBEID gjev ny kunnskap og gjer at lærarjobben vert kjekkare. **S. 8**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 28 | VINTEREN 2016–2017 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Les læreplanen!

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

TIDLEG START. VARIASJON. Mengdetrening. Dette er oppskrifta på god sidemålsundervising. Kvifor er det likevel så vanskeleg å få det til?

Ein viktig grunn er at altfor mange elevar, foreldre og politikarar ikkje veit kva som står i læreplanen i norsk. Slik ser det i alle fall ut når sidemålsopplæringa blir omtala og debattert i aviser og nettforum. Der blir nynorsk svært ofte omtala som eit eige fag som blir introdusert på ungdomstrinnet, og der timane stort sett skal bestå av grammatikk- og rettskrivingsdrill.

Endå verre er det at mange lærarar på barnetrinnet heller ikkje kjenner til alle kompetansemåla i læreplanen så godt som dei burde. Det fører mellom anna til manglande oppfølging av alt det som handlar om å lese, snakke om og å

eksperimentere med å skrive begge variantane av skriftleg norsk – heilt frå småskule- og mellomtrinnet.

I neste omgang fører så det til at mange elevar har eit mykje dårlegare utgangspunkt enn dei burde ha når den meir formelle sidemålsopplæringa byrjar på ungdomstrinnet.

Den utbreidde vankunna om kva som faktisk står i læreplanen, fører også til velmeinande, men meningslause framlegg om at ein skal søke om forsøk med start av sidemålsundervising på barnetrinnet. I fjor kom det til dømes framlegg om dette i bystyret i Bergen, i samband med det elles flotte vedtaket om å satse ekstra på nynorskopplæring i skulane der. Ein treng sjølvsagt ikkje søke om noko som ein allereie er pålagt å gjere.

Ei tidleg og variert tilnærming til «den andre» målforma i bokmålsområde er både enkelt og gratis. Det gir elevane auka medvit både om eige talespråk og det språklege mangfaldet i Noreg. Det motverkar fordommar mot nynorsk, og det styrker opplæringa i eige opplæringsmål.

Nynorsksenteret har dei siste åra gjennomført «god start med nynorsk»-prosjekt saman med lærarar og elevar ved fleire bokmållsskular, med utgangspunkt i kompetansemåla i norskplanen for mellomtrinnet. Tilbakemeldingane har vore svært gode. Oppskrifta verkar!

Vi skulle ynske at langt fleire gjorde læreplan-leksa si.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 28, tiande årgangen

BLADSTYRAR: Heidi Fagna

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Trude Tjensvold

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no



Nye plakatar

NYNORSKSENTERET PRESENTERER to nye plakatar: *Snakk saman om språk*. Den eine plakaten er meint for mellomtrinnet og den andre for ungdomstrinnet. Her får du gode råd om korleis du kan arbeide med nynorsk i klasserommet og korleis

du kan løfte fram dei erfaringane elevane alt har med språk. Råda er utarbeidde i samarbeid med professor Synnøve Matre.

Du kan tinge eller laste ned plakatanen frå sida www.nynorskenteret.no/plakatar.

Innhald

Les læreplanen! av Torgeir Dimmen	S. 2
Nye plakatar	S. 3
Sidemål på mellomsteget av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 4
Samarbeid skal inspirere lærarar av Marit Lovise Brekke	S. 6
Sats på utviklingsarbeid! av Reidun Kydland	S. 8
Gift med nynorsken av Brynjulf Jung Tjønn	S. 10
Nynorske lesefrø på Falturiltu av Torgeir Dimmen	S. 12
Bli med bakom boka av Heidi Fagna	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

Kompetanseheving gjennom storsatsinga Språkløyper skal gi god start med nynorsk.

Sidemål på mellomsteget

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein** ILLUSTRASJON: **Kristoffer Lindseth**



I Språkløyper er teikneserien *Superheltar* av Kristoffer Lindseth utgangspunkt for språksamtaler om bokmål og nynorsk.

GJENNOM SPRÅKLØYPER skal lærarar og barnehagelærarar få inspirerende påfyll om språk-, lese- og skriveopplæring på arbeidsplassen sin, i arbeidstida. Dette gjeld både lærarar i norskfaget og lærarar i andre fag. Lesesenteret leier arbeidet med Språkløyper, men samarbeider også med Skrivesenteret og Nynorsksenteret.

Nynorsksenteret har hatt ansvaret for dei fem øktene under paraplyen «Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk». Gjennom å snakke saman om språk, bruke ny barnelitteratur og deretter eksperimentere med skrivning kan elevar få ein god start på sidemålsopplæringa. Forskingsprosjekta til Benthe K. Jansson og Hilde Traavik og liknande prosjekt Nynorsksenteret driv, har gitt kunnskap om nynorskopplæring på mellomsteget. Vi ser at elevar som har møtt sidemålet før det vert stilt krav om prestasjon og karakterar, har ei meir positiv haldning til språket enn dei som først vert introduserte for sidemålet på ungdomsskulen. Ikkje minst er det viktig å minne om at læreplanmåla på ungdomsskulen føreset at alle elevar har lese bøker på begge målformer og eksperimentert med skrivning på sidemålet før dei byrjar på ungdomsskulen.

Det ligg i namnet «Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk» at pakken i heilskap først og fremst er retta mot lærarar som underviser elevar i bokmålsklassar. Men mange av elementa er nyttige å vite om også for dei som underviser elevar med nynorsk som hovudmål. Vi håpar opplegga kan vere til inspirasjon for lese- og skriveopplæringa på mellomsteget.

NOKRE SMAKEBITAR

Den første økta handlar om å snakke saman om språk i klasserommet. Teikneserien *Superheltar* av Kristoffer Lindseth er utgangspunkt for språksamtalar om ord som er like og ulike på bokmål

På www.nynorsksenteret.no/tidleg finn du Språkløypepakken og anna stoff om sidemål på mellomsteget

og nynorsk. Teikneserieformatet er fint å starte med når ein skal snakke saman om nynorsk tekst. Bileta og teksten spelar på lag, og kan vanskeleg stå åleine. *Superheltar* er på to sider, og du kan fritt skrive ut teikneserien til bruk i klasserommet. På www.nynorsksenteret.no/teikneseriar finn du fleire teikneseriar til bruk på mellomsteget.

Synnøve Matre har, i samarbeid med Nynorsksenteret, laga ein plakat til bruk på lærarrommet. Korleis kan vi skape eit miljø for språkleg mangfald? Dette kan du lese meir om på plakaten. På nettsida www.nynorsksenteret.no/plakat/ kan du laste han ned til utskrift.

I den tredje økta er den nynorske barnelitteraturen hovudtema. For å lære eit språk må ein bli eksponert for det, gjennom variert språkleg innputt. Å verte lesen for og å lese nynorske barnebøker er viktig før ein sjølv skal prøve å skrive nynorsk. I økta ligg det mellom anna bokpresentasjonar, ei fagøkt om nynorsk barnelitteratur i klasserommet og ein film om korleis du som vaksen kan lese høgt for elevane. Hege Holmquist Synnes er lektor i drama ved Høgskulen i Volda, og kjem med praktiske råd om høgtlesing på nynorsk for elevar i barneskulen.

Etter at elevane har snakka saman om språk og møtt nynorsk litteratur gjennom høgtlesing og eiga lesing, skal dei eksperimentere med å skrive sjølve (LK06). I den fjerde økta i Språkløypepakken finn du ein film frå 6. trinn ved Ilå

skole i Trondheim. Desse elevane skriv sansedikt på nynorsk. Kurspakken vert avrunda med fleire døme på skriveoppgåver. Kva med å lage ei lita brettebok? Eller kva med å utforske det digitale oppslagsverket Allkunne gjennom å lage ein kviss?

Språkløyper skal stimulere til refleksjon og til å vidareutvikle god praksis. Heile kollegium kan med fordel følge kursa i den anbefalte rekkjefølga, men de står fritt til å utforske sida www.sprakloyper.no og bruke opplegg og idear også om de ikkje er i gang med eit Språkløypearbeid på skulen dykkar. ■

Oppbygging og omgrep i Språkløyper

PAKKE: Hovudtema, som til dømes «Sidemål på mellomsteget. God start med nynorsk.»


ØKT: Kvar pakke har 1–10 økter som til saman varer om lag 60 minutt.

ELEMENT: I kvar økt er det fleire element. Det kan vere film, tekst, oppgåver eller anna.

Korleis drive nynorskundervisning i vidaregåande skule? Kva ressursar er under utvikling? Det var tema på den første samlinga i Nettverk for nynorsk i vidaregåande opplæring.

Samarbeid skal inspirere lærarar

TEKST: **Marit Louise Brekke** ILLUSTRASJON: **Are Edvardsen**



ARE
2016

Det er laga ein ny ressurs med korttekstoppgåver knytte til den eldre litteraturhistoria frå renessansen til romantikken: www.nynorsksenteret.no/kreative

28. SEPTEMBER arrangerte Nynorsksenteret det første møtet i Nettverk for nynorsk i vidaregåande opplæring på Gardermoen. I alt møtte det representantar for skular frå Troms til Rogaland.

Sidan dette var eit oppstartsmøte, gjekk mykje av programmet ut på å informere deltakarane om Nynorsksenteret og ressursar som senteret har utvikla for lærarar i vidaregåande opplæring. Marit Brekke ønskte velkommen til dagsseminaret før ho gav ordet til Torgeir Dimmen, som gav ei kort orientering om Nynorsksenteret og arbeidet til senteret.

Lærarane fekk deretter høyre om satsinga på korttekstskrivning, og oppgåvene som er blitt laga for at elevane skal kunne skrive ofte og kort på nynorsk. Korttekstoppgåvene er knytte til ein del av pensum som elevar ofte synest er vanskeleg, nemleg den eldre litteraturhistoria frå renessansen til romantikken. Meininga er at elevar kan få betre kjennskap til desse periodane om dei jobbar med korttekstoppgåvene, og at elevane skal kombinere fagkunnskap med nynorsk skriveopplæring.

Vidare fekk tilhøyrarane informasjon om samarbeidsprosjektet Språkløyper, som Nynorsksenteret har med Lesesenteret og Skrivesenteret. Reidun Kydland orienterte om arbeidet med å

lage ein sidemålspakke for ungdomskulen og den vidaregåande skulen.

Karen Marie Kvåle Garthus presenterte boka *#nynorsk*, som vart gjeven ut våren 2016. Dette er ein flott ressurs med mange nynorske samtids-tekstar av blant anna forfattarar som Marianne Clementine Håheim, Marit Eikemo, Odd Nordstoga, Anna Kleiva, Jon Fosse og Frode Grytten med fleire. Saman med tekstane finn ein ulike oppgåvetypar som skal hjelpe elevane til å jobbe med tekstane på ulike måtar.

Tove Bundesen frå Nannestad vidaregåande skole fortalde om nynorskundervisninga for påbyggingselevane. Ho har to faste timar med nynorsk i veka, ei fast skriveøkt i veka, og tenker eksamensretta gjennom heile året. Kortsvarsoppgåver blir introduserte tidleg i skuleåret. Ho tar tak i emne som elevane har høyrte om, og prøver å vere aktuell og bruke nynorsk i emne elevane interesserer seg for. Bundesen brukar mykje nynorsk litteratur i arbeidet med norskfaglege tema.

Avslutningsvis fekk vi høyre korleis nynorskundervisninga blir organisert på nettverkskulane, og det vidare arbeidet i nettverket vart også drøfta. Vi kjem til å ha eit nytt møte i mars, og vil prøve å ha eit møte fast i halvåret. ■

Deltakarar på nettverksmøtet

- **Solveig Brandal**
Melhus vidaregåande skole
- **Tone Meling Bugge**
St. Olav vidaregåande skole, Stavanger
- **Tove Elisabeth Bundesen**
Nannestad vidaregåande skole
- **Ellen Dahl**
Fauske vidaregåande skole
- **Håvard Festø**
Volda vidaregåande skule
- **Anders Fitje**
Firda vidaregåande skule
- **Karen Marie Kvåle Garthus**
Valdres vidaregåande skule
- **John André Nergaard**
Sola vidaregåande skole
- **Kari Skålevik**
Olsvikåsen vidaregåande skole
- **Sonje Wikan**
Heggen vidaregåande skole
- **Wenche Øvergaard**
Tromsdalen vidaregåande skole

– Å halde på med utviklingsarbeid gjer at jobben er kjekk, seier Anne Marie Holstad, som har tjue års fartstid som lærar ved Volda ungdomsskule. Ho har jobba med ulike typar utviklingsarbeid i fleire år, ofte på eige initiativ. Mykje av det ho har prøvd ut, har blitt faste innslag eller arbeidsmåtar i skolen.

Sats på utviklingsarbeid!

TEKST: **Reidun Rydland** FOTO: **Reidun Rydland**

ANNE MARIE HOLSTAD meiner at det å drive utviklingsarbeid er ei god etterutdanning, sjølv om det er utan studiepoeng.

– Å vere oppdatert er alfa og omega, seier ho. Holstad liker å vere i lag med elevane, og trivst godt mellom anna fordi ho stadig tar nye utfordringar. Ho meiner at læreboka aldri kan vere nok, ho er stadig på leit etter andre og nye kjelder.

Det som for fleire år sidan starta som eit prosjekt der dei la vekt på å lese nynorske bøker, har nå blitt ein fast nynorsk leseperiode kvart år, fortel Holstad. Heller ikkje på ein nynorsk skule er det sjølv sagt at ein er medviten om å lese nynorske tekstar. Eit anna prosjekt var å jobbe med ulike tekstar om det same temaet.

– Det gir resultat for elevane at vi driv med utviklingsarbeid. Ikkje alle satsingar treng å vere store, men dei må gi endringar i måten å arbeide på, seier Holstad.

I dei seinare åra har ho lagt mykje vekt på skrivning. Ho har blitt meir medviten om å snakke med elevane om språk, og at ulike skrivehandlingar krev ulike måtar å uttrykke seg på. Elevane hennar veit kva eit skriveoppdrag og ein skrivetrekant er, og dei er vande med å jobbe med skriverammer og modelltekstar. Anne Marie Holstad understrekar kor viktig det er å rettleie elevane undervegs.



– Det er viktig at elevane opplever meistring når det gjeld det å skrive, seier ho. – Dei har jobba mykje saman to og to, og dei lærer av kvarandre. Elevane blir meir sjølvstendige skrivarar etter kvart. Vurderinga mi til slutt har vore kort og konsis.

Ho synest det er viktig at elevane får eit språkleg medvit. Dess meir dei kan om språk, dess flinkare blir elevane til å skrive. Ho synest også det er viktig at nynorskelevane får eit medvit om skriftspråket sitt og blir klar over rettane sine. Dei må ikkje tru at dei må skrive bokmål om dei flyttar på seg.

– Dersom utviklingsprosjekt ikkje fører til varig endring av praksis, kan ein like godt la vere, seier rektor Per Einar Strand ved Eidsvåg barne- og ungdomsskole. Han understrekar også at det er viktig at leiinga ved skolen er engasjert i arbeidet og følgjer det opp. Skriving av fagtekst starta som eit treårig prosjekt, og er nå ein fast arbeidsmåte ved skolen.

PER EINAR STRAND peiker på fleire faktorar som må til for at eit utviklingsarbeid skal lykkast. Han understrekar at det er viktig at ein berre held på med ei satsing om gongen, elles blir det for mykje. Satsinga må vere godt forankra i personalet, og ein lyt ha ein god plan. I tillegg er det viktig med gode ressurspersonar, og leiinga ved skolen må vere involvert og meine at det er eit viktig arbeid.

Skolane i Nesset kommune jobba systematisk med at alle elevane på alle klassetrinn skulle skrive ein fagtekst kvart semester, og både lærarar og assistentar var med. Dei laga ei kokebok for fagtekstskriving, med gode modelltekstar og startsetningar.

– Også i første klasse kan ein skrive fagtekst, gjerne om noko praktisk, ein tur ein har vore på, eller om eit dyr. Elevane kan jo få hjelp med skrivinga, og det er viktig at dei blir kjent med omgrepet fagtekst tidleg, seier Strand. Etter kvart vil elevane utvikle tekstane, frå ganske enkle tekstar i småtrinnet til avanserte tekstar i 10. klasse. Per Einar Strand er ikkje i tvil om at denne satsinga har gagna elevane. Han har fått tilbakemeldingar frå elevar som har begynt på vidaregåande, om at dei kan noko som ikkje alle andre kan.

Utfordringa ligg i korleis ein skal følgje opp etter at satsinga er over. Først gjorde dei det slik at lærarane la fram arbeidet frå klassane i plenum.



Per Einar Strand (Foto: Nesset kommune)

Utfordringa ligg i korleis ein skal følgje opp etter at satsinga er over.

No vil Per Einar Strand bli invitert inn i klassane når elevane skal skrive fagtekstar.

– Det fungerer mykje betre på denne måten, eg får sjå korleis elevane gjer det, og eg kan gje ei tilbakemelding til læraren. Det viser også at eg er oppteken av og interessert i det arbeidet som går føre seg i klasseromet, og det har blitt godt motteke i kollegiet, seier han.

– Om ein ikkje følgjer opp og etterspør resultat, skjer det ikkje noko. Vi vil ikkje kvile på laurbæra og seie oss fornøgde. ■

Utviklingsarbeid

Utviklingsarbeid er eit systematisk arbeid i barnehagen eller skolen for å endre og forbetre pedagogisk praksis.

Utviklingsarbeid handlar også om å prøve ut nye arbeidsmetodar som har som mål at elevane skal lære meir.

Gift med nynorsken

I 2008 tok eg offentleg ut skilsmisse frå nynorsken. Fem år seinare var eg gift med henne igjen.

MED KRONIKKEN «Farvel til nynorsken» i Aftenposten gjekk eg høgt ut og sa at eg aldri skulle skrive bøker på nynorsk igjen. Nei, heretter var eg bokmålsforfattar. Kvifor? Jo, den urbaniserte odelsguten (altså meg) hadde funne ut at det var så forferdeleg vanskeleg å skrive korrekt nynorsk etter seks år i hovudstaden. Ikkje snakka eg dialekt lenger, fordi eg måtte jo prate slik at oslo-folk skjønnte kva eg sa. Og når eg i tillegg jobba i VG og andre medium kor det berre vart nytta bokmål, var det kanskje ikkje så rart at eg heile tida var forvirra når eg skulle skrive bøker på nynorsk.

Det høyrer også med til historia at eg alltid har hatt dårleg sjølvtilitt når det gjeld rettsskriving i nynorsk. Eg har til dømes store vanskar med å skrive rett kjønns: om det skal stå ei, ein eller eit, har eg aldri fått dreisen på.

UNDER ARBEIDET med den andre romanen min, *Lyden av noen som dør*, prøvde eg å tøye mest mogleg nynorskgrenser: prosjektet mitt var å skrive ei mørk og brutal historie på mest mogleg knotete nynorsk. Der eg kunne smette inn bokmålsord, gjorde eg det med stor glede. Eg nytta «noen» i staden for «nokon», sjølv sagt «noe» i staden for «noko», -ig-endingar i staden for -eg-endingar og slik balla det på seg. Bokmeldaren i Dagbladet skrytte av romanen og tykte det var synd at eg ikkje skulle skrive meir på nynorsk. Bokmeldaren i Dag og Tid slakta boka og skreiv at dette var «lyden av nynorsken som døyr».

Men eg heldt på mitt. No var eg bokmålsforfattar. Året etter gav eg ut mi første bok for barn og unge og mi første bok på bokmål, *I morgen skal vi sitte i solen*. Den fekk gode meldingar. Eg følgde opp med *Kinamann* i 2011, som fekk heller blanda mottaking. I arbeidet med desse bøkene kjende eg på noko eg ikkje torde å seie til nokon, heller ikkje innrømme for meg sjølv: Noko hemma meg.

Eg kjende ikkje igjen forteljarstemma. Det som stod der, var sjølv sagt mine tankar, mi dikting, men språket, det var ikkje meg. Det var eit språk som kven som helst kunne ha skrive. Det same problemet oppstod når eg skulle lese høgt frå desse bøkene. Å lese bokmål høgt er ikkje lett for ein som er oppvaksen i Sogn. Det høyrst rart og stivt ut. Tonefallet som eg lærte meg i Feios, passsar ikkje med bokmålspråket.

DÅ FORLAGET MITT, Cappelen Damm, lurte på om eg kunne bidra med ei novelle til ein antologi for ungdom, der temaet var «Tapt og funnet», sette eg meg ned for å skrive. Men same kva eg forsøkte, så gjekk det ikkje. Bokmålspråket ville seg ikkje. Det hjelpste meg ikkje. Det eg skreiv, var utan kjensler, utan sjel, utan særpreg. Så ein kveld tenkte eg: Kva om eg prøver på nynorsk?

Resultatet: Eg skreiv ferdig novella på ein time, sende til forlaget og dei gav tommelen opp. Denne novella på seks sider er også dei første seks sidene i det skulle verte *Så vakker du er*, som vann Brageprisen i 2013.

SÅ VAKKER DU ER startar med setninga: «Eg hugsar aller best dei gule tennene hans». Denne setninga hadde eg hatt liggande lenge, på bokmål. «Jeg husker aller best de gule tennene hans». Eg visste at det var ei interessant opning på ein roman, men eg klarte ikkje å kome vidare. Først då eg skreiv om til nynorsk, losna det.

Kvifor?

Eg har dei siste åra skjønna at skrivinga, eller skal vi seie diktinga mi, ligg tett opptil mitt eige liv. Alt eg skriv om, handlar om kjensler eg sjølv har kjent eller sjølv leitar etter. Kven er eg? Og kva er eg? Etter at eg i 2011 reiste tilbake til Sør-Korea

for å finne ut meir om bakgrunnen min, fann eg ut at eg hadde blitt funnen på ein togstasjon utanfor Seoul to år gamal. Eg blei frakta til ein barneheim og budde der i eitt år før eg kom til Noreg. I to år har eg mest truleg hatt nære omsorgspersonar. Så har noko skjedd. Eg kom bort frå dei. Eg hamna på barneheim. I eitt år levde eg utan nokon som stod meg nær, før eg plutselig vart send til den andre sida av jordkloten, tre år gamal, og fekk nytt namn, ny identitet.

Identitet. Å vekse opp i Feios i Sogn og Fjordane er også ein viktig del av identiteten min. Nynorsken er såleis også ein grunnleggande byggestein for kven eg er. Eg som skriv, eg som er forfattar, korleis kunne eg finne på å byte ut det fremste og viktigaste verktøyet eg har, det nynorske språket, med bokmål!

HADDE EG IKKJE gått tilbake til nynorsken, hadde eg aldri skrive *Så vakker du er*. Eg hadde aldri vunne Brageprisen. Eg hadde kanskje aldri blitt seld til Tyskland eller Danmark. Eg hadde aldri fått sett romanen min bli dramatisert. Eg hadde aldri skrive den siste boka mi, *Den finaste historia*. Begge mine to siste bøker er blitt drivne fram av det nynorske språket.

Det er ikkje så stor skilnad på å vere bokmålsforfattar og nynorskforfattar. Eg har prøvd begge delar. Metoden er heilt lik: Du sit der og skriv på ein tekst som skal bli til ei bok. Verktøyet er ein datamaskin, og den gjer ikkje forskjell på bokmål og nynorsk. Men for meg er det stor skilnad på resultatet, det som står på skjermen. ■

Brynjulf Jung Tjønn

Teksten var først publisert på bloggen til Nynorsksenteret: iver.nynorsksenteret.no

Bokmålet dominerer overalt, både på papir og skjerm. Det gjeld også i område der borna skal lære å lese og skrive nynorsk når dei byrjar på skulen. For desse borna er det sjølvsagt særleg viktig at dei ser og høyrer sitt eige språk så ofte som råd. Dette er bakgrunnen for prosjektet Nynorske lesefrø.

Nynorske lesefrø på Falturiltu

TEKST: **Torgeir Dimmen** FOTO: **Kjersti Anderdal Bakken/Nynorsk mediesenter** og **Kib & Morits**



Nynorske barnebøker skaper entusiasme og engasjement. Rita Andersen Heieren, Grete Skaar Sunde, Eli Sunde Kjøsnes og Janne Karin Støylen.

I **SAMARBEID MED** lokale bibliotek har vi lagt til rette for bruk av nynorsk litteratur som utgangspunkt for språkstimulering for dei minste. Målet har vore å auke tilgangen på nynorsk litteratur i barnehagen som utgangspunkt for lesestunder og gode leseopplevingar for borna.

Dei tre siste åra har vi gjennomført Nynorske lesefrø-prosjekt i åtte kommunar i fem fylke. Tilbakemeldingane har vore gode, og representantar frå to av prosjektbarnehagane delte nokre av røynsleane sine på Falturiltu-festivalen i november.

FALTURILTU er ein nynorsk barnebokfestival som har blitt arrangert på Stord kvart år sidan 2006. Tiårsjubileet vart mellom anna markert med eit eige dagars fagseminar med tittelen «Nynorsk for dei minste». Her fortalde Rita Andersen Heieren frå Jølster og Katy Bergetun frå Lindås korleis dei hadde organisert nynorsksatsinga i sine barnehagar. Personalet hadde samlingar der dei fekk tips både om gode bøker på nynorsk og om korleis dei skulle bruke dei. I samarbeid med biblioteka vart det kjøpt inn nye bøker som vart gjort tilgjengelege i eigne bokkassar, til bruk for fleire av barnehagane i kommunen. Det vart også lagt til rette for å låne bøkene med seg heim.

Lesefrø-barnehagane melder om at personalet ikkje berre har blitt meir medvitne om kva slag bøker dei vel å bruke i dei ulike barnegruppene, men også om korleis dei les. I tillegg til å sjå nynorsk i skrift, treng borna også å høyre nynorsknær tale. Det betyr mellom anna at ein ikkje utan vidare bør omsetje meir eller mindre «uvanlege» nynorskord til bokmål eller eigen dialekt. I lese- og skriveopplæringa på skulen møter borna normert nynorsk, og då er det viktig at dei har blitt introdusert for normert nynorsk alt i barnehagen. ■



NYNORSKE LESEFRØ

Nynorske lesefrø er ein arbeidsmåte som styrker tilgangen på nynorske barnebøker i barnehagen, legg til rette for fleire leseaktivitetar med nynorske barnebøker og aukar bevisstheita om det nynorske språket i personalgruppa. Sentralt i denne arbeidsmåten er eit samarbeid mellom det lokale biblioteket og barnehagar i kommunen.

Nynorske lesefrø kan bidra til:

- å styrke nynorsk språkstimulering i barnehagen
- å auke tilgangen til nynorske barnebøker i barnehagen
- meir lesing av nye nynorske barnebøker
- bruk av meir varierte leseaktivitetar
- auka bevisstheit om det nynorske språket

Frå 2013 til 2016 har det blitt gjennomført Nynorske lesefrø-prosjekt i desse kommunane:

- Sula kommune
- Herøy kommune
- Jølster kommune
- Ål kommune
- Lindås kommune
- Gaular kommune
- Skodje kommune
- Finnøy kommune

I tillegg har Høgskulen i Sogn og Fjordane dei siste åra hatt nynorsk barnelitteratur som eit av dei store satsingsområda for barnehagelærarutdanninga. Erfaringane herifrå har også vore sentrale i arbeidet med Nynorske lesefrø.

BAKOM BOKA: Det Maria Parr skulle ønske at ho ikkje hadde teke med i *Vaffelhjarte*, og kvifor Bjørn Sortland er så fascinert av jenter. Dette kan du høyre om i to rykande ferske podkastar laga av Nynorsksenteret.

Bli med bakom boka

TEKST: **Heidi Fagna** FOTO: **Andrew Amorim**

MARIA PARR (35) frå Vanylven har berre gjeve ut to bøker, men dei har vorte ein massiv suksess. Begge er selde til ei rekkje land, og allereie for debutboka *Vaffelhjarte* vart ho nominert til Brageprisen. For boka om Tonje Glimmerdal fekk ho den høgthengande prisen. *Vaffelhjarte* har i tillegg vorte ein populær TV-serie på NRK Super, og *Tonje Glimmerdal* har vore sett opp som teaterstykke.

No skriv ho den vanskelege tredjeboka, og ho tør slett ikkje å tru at den kjem til å bli den same suksessen som dei to første. I podkasten fortel ho om korleis ho jobbar, og om kvifor Tonje Glimmerdal ikkje har mobiltelefon. Dessutan avslører ho kva ho skulle ønske at ho ikkje hadde teke med i *Vaffelhjarte*.

BJØRN SORTLAND (48) frå Bømlo har gjeve ut meir enn 40 bøker sidan debuten i 1992. Fleire av dei er omsette til ei rekkje språk. Han har skrive bøker både på nynorsk og bokmål, han vekslar mellom ulike sjangrar, og han vekslar mellom å skrive for born, ungdom og vaksne.

I podkasten fortel han kvifor han er så oppteken av kunst, kvifor tru er eit tema som stadig dukkar opp, og han fortel kva det er som fascinerer han slik med jenter.

Dette er dei to første episodane i Nynorsksenteret sin podkastserie «Bakom boka». Dei er laga av Janne Karin Støylen og Heidi Fagna.

www.nynorskbok.no/bakom-boka/




Forfattaren Maria Parr er intervjuet i den nye podkastserien til Nynorsksenteret.



NYNORSKBOK.NO

Kvart år kjem det mange nye, gode barne- og ungdomsbøker på nynorsk, men det kan vere ei utfordring å halde seg oppdatert. På Nynorskbok.no finn du boktips, omtalar av bøker og informasjon om kva aldersgruppe bøkene kan passe til.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Tekna av Kristoffer S. Mathisen

Rotar elevane med inkjekjønnsbøyinga? **Nynorsk på 1-2-3** er eit nynorsk kurs i teikneserieform.
 På www.nynorsksenteret.no/tilfang/ kan du tinga gratis klassesett.